



Notat

Dato: 04.11.2014
Arkivsak: 2014/394-7
Saksbehandlar: heihand

Til: Hans-Christian Engum

Frå: Heidi Handeland

Kulturminnefagleg innspel - Reguleringsplan for Sotrasambandet - Utviding av planområdet i Fjell kommune

Vi syner til varsel om utviding av planområde for reguleringsplan for Sotrasambandet i Fjell kommune datert 23.09.14. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Kultur- og idrettsavdelinga vil minne om pkt 2 i dei regionale retningslinene i fylkesdelplan for kulturminne, der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalt, verneverdien vurdert og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/bygningsmiljø, men òg steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m.

Vi har per i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i den utvida delen av planområdet. Det er kjent 3 SEFRAK-registrerte ruinar i planutvidinga, vi ber om at verneverdi blir vurdert og at desse blir teke omsyn til i planprosessen vidare.

Det er gjort arkeologisk registrering i det tidlegare varsla planområdet i 2013, desse undersøkingane påviste 18 nye automatisk freda kulturminne, jf. vårt brev av 14.04.14 som skildrar resultat frå registreringane. Vi ber Statens vegvesen ta kontakt med Hordaland fylkeskommune v/Kultur- og idrettsavdelinga når det føreligg arealdisponering i planen for å drøfte løysingar for kulturminneinteresser i planen.